

Kjersti Linn Hopland

Ikeland 55,
5912 Seim

KVERNUS TILHØYRANDE IKELAND GARD, GNR 168 BNR 3, LINDÅS KOMMUNE – TILSTANDSVURDERING OG FRAMLEGG TIL TILTAK

Eg viser til synfaring 05.10.16 d.å. og ny synfaring 26.10.16, og vidare til synfaring i lag med NKMF den 24.10.16. Tema har vore mogleg restaurering av murverka i og ved kvernhuset. Du har bede om ei tilstandsvurdering, ei vurdering av tiltak og eit kostnadsoverslag. Slike vurderingar har ikkje vore så lette, og det har derfor vore nødvendig med ei heller grundig tilnærming.

Eit steinbyggjarland med Hellefjellet som nærmaste nabo

Kvernhuset er ein del av eit omfattande system av bygningar og landskapsformande anlegg knytt til garden Ikeland og fortel essensiell historie om tidlegare tiders driftsform og arbeidsliv i dette området. Kvernhuset vert såleis rekna som sær verneverdig og kallar på ei restaurering som både bergar huset for dei komande slekter, og som også syter for å ta vare på vesentlege trekk ved byggjemåten. Murar i tørrmur utgjør viktige element ved dette huset, noko meir enn vanleg er ved slik bygg. Det mest synberre uttrykket for det er den høge vernemuren i gavlen mot aust, den sida av huset som vender ut mot elva. Eg kjenner per i dag ikkje til andre døme på kvernhus med slik vernemur. Då dei som i si tid dreiv garden, skulle reisa kvernhuset, såg dei behovet for å verna det lafta trebygget med ein mur som kan ta imot sprut og skvett frå elva når den er stor. Utan ein slik vernemur er det uvisst om bygningen hadde vore i så god stand i dag som han er. Med til saga høyrer at ein på denne garden har hatt ein sær viktig ressurs, ein nærmast uavgrensa tilgang på god, lagdelt stein til muring, noko som har spegla seg att i ei stor mengd framifrå mura konstruksjonar, men også stor kreativitet i bruk av naturstein i mange samanhengar, til dømes lange smale heller brukte som sperrer i hus og store ståande heller brukte i vegmurar. Vernemuren spring såleis ut av både vilje til å ta vare på verdiar og eit kreativt overskot para med arbeidsglede.

Skildring av kvernhuset

Kvernhuset har ei tilnærma kvadratisk form, godt og vel 3 meter utvendige mål begge vegar. «Arbeidsrommet» med kvernsteinane er reist i lafta tømmer. Bygget har saltak



tekt med rimeleg grov villskifter. Gavlane vender mot aust og vest, austgavlen ut mot elva, vestgavlen mot terrenget. I den sørveggjen, som er tørrmur heilt opp til rafta, er mura inn ei opning der vatnet frå vassrennene er blitt ført inn mot kvernkallen. Som vanleg er på desse kantar, er taket ført om lag halvveges ut i veggmuren. For å verna treverket innanfor mot vassinntrenging er det under takhellene og utover i murkrona lagt eit lag med heller. I «underetasjen» er kvernkallen plassert og frå dette rommet går det to opningar ut, ei mot aust og elva og ei mot nord. Dette rommet er omslutta av murverk som dels fungerer som grunnmur for bygget oppå og dels som støttemur mot

terrenget. Den høge vernemuren mot aust (og elva) er mura saman med sørveggjen i det søraustre hjørnet. Ved inngangen mot nord er vernemuren avslutta med kinning som ein frittstående mur. Vernemuren er her utført som vanleg kistemur med tverrmål på ca. 70 cm. Eit stykke opp frå bakkenivå, ca. 150 – 160 cm, er det mura inn ein avsats, ca. 30 cm djup. Denne utgjer ei hylle som lafteveggen mot aust kviler på. Muren vidare opp er fylgjeleg heller slank, berre ca. 40 cm i tverrmål.

Opninga som er mura inn i austveggen, er utkraga slik at breidda nedst ved grunnen er ca. 80 cm, medan breidda øvst berre er ca. 55 cm.

I nord og vest er lafteveggen berr. Murverka her fungerer som fundament. I tillegg til hylla som er mura inn i vernemuren er det sett opp ei mura «blokk» vidare innover, på



innsida av opninga, og elles er grunnmuren her integrert i støttemuren. Inn mot murverket nærast terrenget kjem det elles ein bakkemur frå nord. Støttemuren mot terrenget i vest er løfta med nokre skift opp frå bakkenivå. Sjå elles foto og vedlagde målsette skisse! Opplysningane på skissa må takast med atterhald då murverket til dels er ute av lage og detaljar kan ha gloppe.

Taket er lagt ut med små takutstikk heile vegen rundt. På sørsida fører takhellene, som nemnt, vatnet ut via hellene som er lagde i murkrona. På austsida når takutstikket ca. halvveges ut i muren.

Skadebildet

Her vert berre omtala dei murverka som har direkte med bygningen å gjera, dvs. veggmurar, fundament og støttemur som er integrert i fundament. I tillegg blir behandla ein liten del av elvemuren, rett ovanfor bygget, som kan ha noko å seia for murverka.

Hovudskaden er påført vernemuren mot aust. Han har fått setningar som har ført til både forskyving sideveges og til at heile murlivet har «krope saman» og mist kontakten med taket og den øvste delen av vegg. Fleire spalter har opna seg. Årsaka er nokså berrsynt at elva har flytta på steinar i murfundamentet. Vegg er reist på ein murfot av rimeleg stor stein. Når desse har flytta på seg, har også nokre av dei nedste steinane i sjølve murlivet blitt dregne ut. I det nordaustre hjørnet heng muren berre på eit par steinar og kan eigentleg falla saman når som helst viss det blir noka vassføring i elva i haust og vinter. Det vil alltid vera ynskeleg å berga viktige bygningsselement utan demontering. Men vi vurdering er her at vernemuren i aust må takast heilt ned, fundamentast på nytt med ein solid murfot og reisast opp att.

Etter setningane har det laga seg ei opning mellom toppen av vernemuren og takutstikket. Eg legg til grunn at murlivet har gått heilt opp under taket her og at opninga kjem av dels setningane og dels at noko stein kan ha rasa ut.

Det er også nokså tydeleg at veggmuren mot sør har sige noko i saman og like eins her har gloppe frå kontakten med takutstikket. Setningane i austmuren har dels drege med seg delar av sørveggen i ei rørsle utover slik at det også her har laga seg spalter i murlivet. Elles er det kome noko uro i murverket her, så det er behov for mindre reparasjonar. Noko stein må tilbakeførast. Vassopninga i denne vegg er per i dag tildekt av stein på utsida slik at ein ikkje får fullt innsyn, men eg legg til grunn av denne delen er uskadd.

Elles reknar resten av murverket som i rimeleg bra stand og det vil berre bli behov for mindre justeringar og småreparasjonar.

I ei lita bukt i elva rett ovanfor kvernhuset ser det ut som kantmuren er skola vekk av vatnet. Dette kan ha medverka til at murfoten under vernemuren har fått ille medfart. I samband med restaureringa av vernemuren vil det såleis vera tilrådeleg å leggja opp att ein høveleg elvemur her.

Framlegg til tiltak

Fylgjande tiltak vert tilrådde:

1. Sikring av bygget før demontering av vernemuren. Dette krev ei drøfting med tømrrarane om rekkefylgja i arbeidet, jfr. om tømrrarbeidet skal gå føre seg på staden eller om delar av eller heile trekonstruksjonen skal demonterast og setjast i stand ein annan stad.
2. Oppsetjing av arbeidsplattform til bruk ved demonteringa
3. Demontering av gavlvegg mot aust og evt. tilstøytande delar av veggmur mot sør
4. Grunnarbeid, legging av ny murfot, vil og omfatta oppreinsking i elva
5. Oppattmuring av vernemur mot aust og innfesting mot veggmur i sør
6. Justering/tilordning elles (sør, vest)

7. Oppmuring av støttemur ved elvebarden ovanfor huset
8. Fagleg oppfylging, dokumentasjon og rapportering

Bakgrunnen for tiltaka er drøfta ovanfor. Noko vert elles illustrert ved vedlagt power point-presentasjon.

Kostnader

Eg viser til vedlagt rekneark med kostnadsoverslag.

Frekhaug 29.10.16

Beste helsing

Haakon Aase

Vedlegg: Kostnadsoverslag
Målsett skisse
Fotodokumentasjon (pp-presentasjon)
Kartutsnitt (elva)